



Deltakarane

Vår ref. 18/164-9 Dykkar ref. Sakshandsamar Jorunn Hatlevoll Direktør 57 64 12 00 Arkiv Dato: 30.07.2018

Referat frå regionsamlinga for eldreråda i Sogn 29.05.2018

Lærdal råd for eldre og funksjonshemma var vertskap for regionsamlinga eldreråda i Sogn 2018.

Det møtte representantar frå eldreråda i Aurland, Balestrand, Sogndal, Vik, Luster og Årdal.

Det var til saman 27 deltakarar med vertskap og foredragshaldarar på samlinga.

Regionsamlinga starta kl. 10.00 på Lærdal rådhus i Kommunestyresalen, med registrering og servering av kaffi og rundstykke.

Leiar for Råd for eldre og funksjonshemma i Lærdal, Knut O. Aarethun ønskte velkommen og orienterte om praktiske opplysningar for dagen. I følgje programmet skulle ordføraren halde ei velkomsthelsing, men han var forhindra i å møta. Kommunalsjef for helse og omsorg heldt eit foredrag om korleis Lærdal kommune organisera helsetenestene i kommunen. Han orienterte om dei nye omsorgsbustadane som er det største prosjektet Lærdal kommune har hatt.

Marta Strandos frå Utvikling for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane heldt foredrag om velferdsteknologi. Ho presenterte ulike hjelpemiddlar som kan vera til hjelp i kvardagen for dei eldre når dei måtte trenge det.

Etter desse foredraga var det tid for å strekke på beina. Kåre Hovland, ein av dei som kan mest om Lærdal si historie, tok deltakarane med på ei omvising på Gamle Lærdalsøyri. Etter denne rundturen vart det servert lunsj på Doktorheimen.

Doktorheimen er eit samlingslokale som inneheld dagtilbod for menneske med nedsett funksjonshemming og heimebuande med demens, frisklivsentral, frivilligsentral og bruktbuikk. Lunsjen og serveringa ved opninga vart levert av kjøkkenet på Lærdal bu og omsorgsheim, som er eit av satsingsområda ved eldretenesta i Lærdal. Frivilligsentralen stilte opp med frivillige som hjelpte til med tilrettelegging og servering av lunsjen. Regionsamlinga vart avslutta med omvising av nye omsorgsbustadane ved Lærdal bu og omsorgsheim.

Etter rullerande liste er det Leikanger eldreråd som skal arrangere regionsamlinga for eldreråda i Sogn 2019.

Med helsing

Jorunn Hatlevoll
sekretær

Vedlegg:

Dok.dato

31.07.2018

Tittel

Presentasjon Regionsamling
for eldreråda i Sogn
29.5.2018 ved Arne
Johansen.pptx

Dok.ID

141045

31.07.2018

Presentasjon i Lærdal 29.
mai 2018 ved Marta
Strandos

142018